

SKYSSREGLEMENT FOR GRUNNSKULANE I LUSTER

HØYRINGSUTKAST FEBRUAR 2016

- 1 Innleiing**
- 2 Retten til fri skuleskyss**
- 3 Rutinar for søknad om skuleskyss**
- 4 Skyssruter i Luster**
- 5 Skysskostnader**

Skysreglement for Luster kommune

Vedlegg: Særleg farlege eller vanskelege skuleveggar i Luster

1 Innleiing

Luster kommune er ein vidstrakt og spreiddbygt kommune, noko som gjer at det er stor trong for skuleskyss både til barneskulane og til dei to ungdomsskulane på Hafslo og i Gaupne. Rundt rekna 45 % av elevane i kommunen har anten skyss på grunn av veglengd eller på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. Skuleskyss vert administrert av samferdsleavdelinga hjå Fylkeskommunen i samarbeid med kommunane og ruteselskapa.

Ein gjennomgang av dagens skyssordning er ynskjeleg for å få tydelege retningsliner for den administrative praktiseringa av regelverket for skuleskyssen i Luster. Eit kommunalt skyssreglement vil også vera eit nyttig dokument for å informera føresette om kva som er gjeldande reglar når det gjeld fri skuleskyss.

Fylkeskommunen sitt skyssansvar

Fylkeskommunen er organet som har hovudansvaret for skuleskyss. Kommunen er forvaltingsorgan for skyss med grunnlag i særleg farleg farleg eller vanskeleg skuleveg. Fylkeskommunen sitt ansvar gjeld skuleskyss utifrå avstandskravet på 2 km (1. trinn) og 4 km (2.-10. trinn), båttransport, skuleskyss for funksjonshemma elevar, skyss ved mellombels skade eller sjukdom, elevar i avlasting og på helseinstitusjon med meir.

Fylkeskommunen har høve til å kontrollmåla avstanden frå heim til skule for å vera sikker på at avstandskravet er innfridd. Utgangspunktet er gateadresse eller gardsnummer/bruksnummer og nyttar Fylkeskommunen nyttar www.fylkesatlas.no til målinga. Det var gjennom ei slik kontrollmåling våren 2015 at kommunen vart gjort merksam på at adressene Hestnes 1 – 18 ikkje innfridde avstandskrava.

Rådmannen som forvaltingsorgan

Utifrå gjeldande delegasjonsreglement for Luster kommune er det rådmannen som er forvaltingsorgan ved søknader / avgjerder om skuleskyss grunna særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. Ved eventuell klage er Fylkesmannen i Sogn og Fjordane klageinstans. Sentrale prinsipp ved forvaltinga er at ho skal vere regelstyrt, føreseieleg og basert på likehandsaming.

Folkehelseperspektiv

Det kommunale skyssreglementet bør også sjåast i samanheng med eit folkehelseperspektiv der fysisk inaktivitet er ei generell utfordring i samfunnet. Aktiv transport – det vil seia gå eller sykla – til skulen er viktig både for fysisk og psykisk helse. I tillegg er det sosialt når fleire elevar går saman til skulen der det er mogleg.

Trafikktryggleik

Føresette har hovudansvar for opplæring av eigne barn i trafikken. Skulen har ansvar for rutinar på busshaldeplass ved skulen, og kan øva på trafikkåtferd i skuleområdet. I skulen er det elles lovfesta å driva trafikkopplæring gjennom bestemte kompetansemål i læreplanverket Kunnskapsløftet.

2 Retten til fri skuleskyss

Retten til fri skuleskyss er heimla i kapittel 7 i opplæringslova, § 7-1, § 7-3 og § 13-4. Det er ulike reglar for elevar på 1. trinn og for elevar på 2.-10. årstrinn. Hovudreglane står i § 7-1:

§ 7-1. Skyss og innlosjering i grunnskulen

Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skulen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.

Fylkeskommunen har vedteke eit skyssreglement for elevar i grunnskulen i Sogn og Fjordane – gjeldande fylkeskommunale skyssreglement er frå og med skuleåret 2013/14 – som konkretiserer skyssrettane til elevane. Det fylkeskommunale skyssreglementet er underlaget for det kommunale skyssreglementet saman med relevante paragrafar i opplæringslova.

Avstandskrav 2 / 4 km

Avstandskrava etter opplæringslova på 2 km og 4 km er skyssgrenser som vert lagt til grunn over heile landet og er absolutte avstandskrav. Reglane for rett til gratis skuleskyss nyttar avstandsmåla eksakt for kvar elev.

Avstandskravet kan medføra at elevar – til dømes i eitt og same byggjefelt – har ulik rett til skyss. Den eine eleven kan bu innafor skyssgrensa og har rett på gratis skuleskyss medan eleven som er næraste nabo ikkje har rett på fri skuleskyss og må betala eventuell skuleskyss sjølv. Her i fylket er det døme på at avstandskrava gjev ulik skyssrett i nabolag m.a. i Sogndal (vidaregåande skule), i Måløy (vidaregåande skule) og i Stryn (grunnskule).

Kommunane har høve til å ha ei betre-ordning enn avstandskrava i lovverket tilseier. Då må dette heimlast i kommunale vedtak, og kommunen må dekkja billettakst for dei elevane det eventuelt gjeld. Ei betre-ordning bør vurderast opp mot forvaltingsprinsippa om regelstyring og likehandsaming.

Særleg farleg eller vanskeleg skuleveg

Det er kommunen ved rådmannen som handsamar søknadar om særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. Etter regelverket skal alle søknadar om særleg farleg eller vanskeleg skuleveg handsamast individuelt. Sentrale moment i vurderinga av om ein veg skal sjåast på som særleg farleg eller vanskeleg er alderen og modnaden til eleven, trafikkmengd, fartsgrense og fartsnivå, vegbreidde og vegskulder, ulukkesfrekvens og veglengd.

Ved klagesaker er Fylkesmannen i Sogn og Fjordane klageinstans. Dei seinare åra har Fylkesmannen gjort vedtak om at Moane – Hafslo og Bukti – Jostedal oppvekstsenter ikkje er å vurderer som særleg farleg skuleveg frå 5. trinn for dei elevane det gjaldt. Ei klagesak om skulevegen Indre Hafslo oppvekstsenter – Joranger skal reknast som særleg skulefarleg veg for elevar på 5. trinn eller eldre er under handsaming av Fylkesmannen og det er venta endeleg avgjerd i løpet av februar.

3 Rutinar for søknad om skuleskyss

Skysstista

Fylkeskommunen utarbeidar kvar vinter ei skysstiste, det vil seia ei oversikt over alle elevar med rett til fri skuleskyss. Skysstista vert sendt over til kommunane for kontroll.

Kommunane må mellom anna føya til elevar som skal byrja på 1. trinn og som innfrir avstandskravet til fri skuleskyss og elevar som har fått innvilga kommunalt vedtak om skyss til dømes grunna særleg farleg eller vanskeleg skuleveg eller på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade.

Kommunen fyller ut lista med namn, årstrinn, gateadresse med husnummer eller gnr/bnr, start-/sluttid når eleven skal reisa heim. Fylkeskommunen fører opp avstand heim – skule i skysstista. Når kommunen og skulane kontrollerer skysstista, må dei også ta omsyn til om elevane på lista har SFO. Elevar med rett til fri skyss og som deltek i SFO berre nokre dagar i veka, har rett til skyss når dei ikkje deltek i SFO.

For skuleåret 2016/17 er fristen for kommunane i Sogn og Fjordane å senda attende ferdigkontrollert skysstiste til Fylkeskommunen 1. april 2016. Etter det er det høve til å oppdatere skysstista fortløpande.

Søknad om skuleskyss grunna særleg farleg eller vanskeleg skuleveg

Det er kommunen som har ansvar for å handsama søknadar om skuleskyss grunna særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. I samband med innføringa av kommunalt skysreglement vil Luster kommune gjera tilgjengeleg eit elektronisk søknadsskjema på heimesida slik at føresette lett kan søkja om skuleskyss grunna farleg skuleveg eller delt bustad. Søknadsfristen vil vera 1. mai for skyss komande skuleår.

Utdanningsdirektoratet presiserer i eit rundskriv (Udir-3-2009) at elevar som ferdast i trafikken alltid vil vera utsett for ei viss fare og at vilkåret «særleg farleg» i §7-1 må forståast som ei fare utanom det vanlege. Vurderinga må difor byggjast på ei konkret skildring av vegen sett opp mot det einskilde barnet sine føresetnader for å klara desse utfordringane.

I samsvar med dette skreiv Fylkesmannen i november 2009 følgjande i vedtaket som gjaldt ei klagesak om ein strekning skulle reknast som særleg farleg eller ikkje:

«Fylkesmannen legg til grunn at det alltid vil vere risikofylt for barn å vere i trafikken, og då spesielt for barn i barneskulen. Vurderingstemaet blir likevel om eleven sin skuleveg, sett i høve til føresetnadane hans, representerer ein fare utanom det vanlege.

Ein må ha i mente at det ikkje er uvanleg med dårlege og farlege vegar i Noreg. Vegane kan vere smale, utan lys, vanskeleg føre og høg fartsgrense i høve til standard. Dette er situasjonen for mange barn sin skuleveg, og kanskje i større grad enn elles i Sogn og Fjordane.»

Søknadar om skuleskyss grunna særleg farleg skuleveg vert handsama individuelt av kommunen, og det vert gjort ei heilskapsvurdering der følgjande moment er relevante: alderen og modnaden til eleven, trafikkmengd, fartsgrense og fartsnivå, vegbreidde og vegskulder, ulukkesfrekvens, lengd på skulevegen.

Nokre sentrale føringar har vore/er:

Når det gjeld alder og modnad til eleven så har Luster kommune praktisert og vurdert grensa for særleg farleg skuleveg lågare for elevar under 5.trinn enn over. Me har og unntaksvis gitt tilbod om rett til gratis «vinterskyss» etter ei samla vurdering av snø, vintervedlikehald, trafikkmengd og gåavstand.

Fartsgrense må vurderast opp mot trafikkmengd, det vil seia at ei 80 km/t-grense i seg sjølv ikkje har vore vurdert som nok til å rekna ein veg som særleg farleg.

Trafikkmengda vil også vera relevant i vurderinga om strekninga er særleg farleg eller ikkje, men då saman med andre moment. Her er fartsnivå på vegen, sikt båe vegar og vegbreidd relevant i heilskapsvurderinga.

På same måte er ikkje kryssing av veg, med stor trafikk/høg fart, eit moment i seg sjølv som gjev vedtak om særleg farleg skuleveg.

Kor langt eleven må gå langs ein veg der trafikkforholda for gåande ikkje er dei beste vert tillagt vekt i den samla vurderinga.

Trygg Trafikk har utarbeidd ein eigen rettleiar for særleg farleg eller vanskeleg skuleveg som er til hjelp både for føresette og kommunen. Rettleiaren kan lastast ned frå heimesida til Trygg Trafikk: www.tryggtrafikk.no . Der ligg det også mellom anna brosjyre om 6-åringar på skuleveg.

Akseptabel reise- og gangtid

Sogn og Fjordane fylkeskommune nyttar rettleiande samla akseptabel reisetid

(gangtid, ventetid og tid med transportmiddel) ein veg:

- Om lag 45 min for 1.-4. trinn
- Om lag 60 min for 5.-7. trinn
- Om lag 75 min for 8.-10. trinn

Klageinstans

Fylkesmannen er klageinstans både for skyssvedtak fatta av Luster kommune og av Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane.

4 Skysstruter i Luster

Nedanfor er ei oversikt over dei ulike skysstrutene per buss for kvar skule i Luster. Rutene er teikna inn av samferdsleavdelinga hjå Fylkeskommunen.

Hafslo barne- og ungdomsskule

Urnes – Solvorn – Hestnes – Galden – Stolpen – Hafslo:



Veitastrond – Moane – Hafslo



Heggmyrane - Hafslø




Gaupne skule

Leirdal – Alsmo – Skarpamoen – Gaupne



Nes – Gaupne



Luster ungdomsskule

Fortun – Skjolden – Luster – Høyheimsvik – Nes – Gaupne



Falkagjerde – Lambhaug – Marifjøra – Gaupne



Fåberg – Gjerde – Fossøy – Myklemyr – Gaupne



Indre Hafslo

Tørvi – Joranger – Indre Hafslo



Fevoll – Molland – Sviggaplassane - Indre Hafslo



Marifjøra – Indre Hafslo



Luster oppvekstsenter

Høyheimsvik – Luster



5 Skysskostnader

Skuleåret 2015/16 har 301 av 658 elevar i Luster skuleskyss. Det er omlag 45 % av grunnskuleelevane i kommunen. Fordelinga av skyssselevar:

- vanleg skyss – 250 elevar inkl. funksjonshemma elevar
- farleg skuleveg – 47 elevar
- vinterskyss – 1 elev
- båtskyss – 3 elevar

Kommunane hjelper fylkeskommunen og ruteselskapa med tilrettelegging av skyssopplegget. Den innmelde trongen for skuleskyss er grunnlaget for organisering av skyssen og berekning av den kommunale skysskostnaden.

Skysskostnadene til kommunen omfattar billettakst for alle elevar med ordinær skuleskyss (tur/retur x 190 skuledagar), midtskyss (skyss midt på dagen og utanom skulen sin vanlege start og slutt), ekstra skyss til bading, drosje etter fastsette takstar og skyssstilskot til føresette.

Minstetakst på bussrutene i Luster for reiser med lengd 0,1–6 kilometer er 15 kr. Ordinær skuleskyss kostar då minimum : billettakst x 2 x 190 skuledagar, dvs. 15 x 2 x 190 = 5 700 kr per elev.

Drosjeskyss og privat skyss med skulerutefunksjon skal, i tillegg til skuleskyss med buss, administrerast av rutebilselskapa, så lenge det er snakk om regelmessig / fast skyss gjennom heile skuleåret.

Skysskostnader

2012	2013	2014	2015	2016 (budsjettert)
2 008 330	1 958 114	1 980 826	1 986 454	2 300 0000

Skysskostnadane har dei seinare åra jamt ligge rundt to millionar kroner. Den viktigaste einskildfaktoren er tal elevar som treng skyss. (ein viss auke pr elev, men færre elevar.)

Rabatt for elevar som ikkje har fått innvilga skuleskyss

Elevar som ikkje har fått innvilga skuleskyss, kan sjølve betala skyss. Dei vil då ha høve til å kjøpa rabatterte 30-dagars kort, noko som gjev om lag 50 % rabatt på ordinær takst.

SKYSSREGLEMENT FOR LUSTER KOMMUNE

Gjeldande frå og med skuleåret 2016/17

- 1 Rett til fri skuleskyss er regulert av opplæringslova § 7-1. I tillegg gjeld også det fylkeskommunale skyssreglement for grunnskulen i Sogn og Fjordane og det kommunale skyssreglementet. Skyssreglement for Luster kommune er ei kommunal forskrift. Forskrifta gjev retningsliner som ligg til grunn for å innvilga eller avslå skuleskyss.
- 2 Etter opplæringslova har elevar på 2.-10. trinn som bur meir enn 4 kilometer frå skulen, rett til gratis skyss. For elevar på 1. trinn er skyssgrensa 2 kilometer. Det er kortaste gangavstand på farande veg som gjeld (frå dør til dør). Brøytt gangveg tel med i avstandsmålinga.
- 3 Om eleven har rett til fri skuleskyss kan det krevjast at eleven skal gå ein rimeleg distanse fram til haldeplass. Akseptabel gangavstand til oppsett buss er etter det fylkeskommunale skyssreglementet inntil ein km for elevar på 1. trinn, og inntil to km for elevar på 2.-10. trinn. Gangstrekninga skal vera forsvarleg i høve trafikkfarleg skuleveg.
- 4 Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda. Særleg farleg eller vanskeleg skuleveg inneber at faren ved å ferdast på denne vegen er utanom det vanlege og vert vurdert med omsyn til trafikktilhøve, årstid og den einskilde eleven sin alder og modnad. Søknadar om fri skuleskyss grunna særleg farleg eller vanskeleg skuleveg vert handsama individuelt av Luster kommune ved rådmannen. Søknadsfrist er 1. mai. Følgjande faktorar vil vera relevante i handsaminga:
 - alderen og modnaden til eleven
 - fartsgrense og fartsnivå
 - tilrettelegging for fotgjengara
 - trafikkmengd
 - vegbreidde og vegskulder
 - sikt og sikthindringar
 - ulukkesfrekvens
 - kryssing av veg
 - lengd på skulevegen
 - vegtilhøve om vinteren

Ved klage på vedtak er Fylkesmannen i Sogn og Fjordane klageinstans. I vedlegget til skyssreglementet er det ført opp vegstrekingar i Luster som er definerte som særleg farlege eller vanskelege.

- 5 Rettleiande akseptabel reisetid (gangtid, ventetid og tid med transportmiddel) ein veg, er etter Fylkeskommunen sitt skyssreglement omlag:
 - 45 min for 1.-4. trinn
 - 60 min for 5.-7. trinn
 - 75 min for 8.-10. trinn
- 6 Elevar kan innvilgast vinterskyss i perioden 1. november – 15. april dersom skulevegen i denne perioden kan definerast som særleg farleg eller vanskeleg. Det er Luster kommune ved rådmannen som gjer vedtak om dette etter søknad frå føresette. Søknadsfrist er 1. mai. Ved klage på enkeltvedtak er Fylkesmannen i Sogn og Fjordane klageinstans.
- 7 Elevar har ikkje rett på skyss til/ frå SFO. Elevar som på grunn av funksjons-
hemming eller mellombels skade/sjukdom som har behov for skyss, har rett til tilpassa skyss til og frå SFO. Retten omfattar ikkje skyss i skuleferiane. Skade / sjukdom må dokumenterast med sakkyndig erklæring.
- 8 Elevar som er innvilga skuleskyss får utdelt eit elektronisk busskort av Fylkeskommunen. Kortet gjeld alle skuledagar gjennom året, men ikkje i feriar og skulefrie dagar. Kortet gjeld ut skuletida eller for den perioden enkeltvedtaket definerer. Elevar som har fått innvilga vinterskyss, pliktar å levera inn kortet til skulen ved rektor når perioden med vinterskyss er over og får det attende før ny vinterskyssperiode.
- 9 Føresette til elevar som har rett på gratis skuleskyss, men som ikkje kan nytta oppsett skulerute, eller som har lengre gangavstand til busshaldeplass enn høvesvis ein km (1. trinn) og to km (2.-10. trinn), kan køyra barna sjølv og motta eit skyssstilskot. Dersom eleven har ordinær skuleskyss, er det Fylkeskommunen/transportør som skal inngå avtale med føresette. Har eleven skyss på bakgrunn av kommunalt enkeltvedtak, er det kommunen ved rådmann som inngår avtale med føresette om skyssstilskot.
- 10 Bustad er i utgangspunktet den adressa eleven står oppført med i folkeregisteret. Dersom barnet har delt bustad, kan barnet ha rett til skyss frå begge dei føresette sine bustader. Definisjonen på delt bustad er at barnet bur tilnærma like mykje på begge bustader. Skyssretten gjeld også når den eine av heimane ligg i ein annan kommune. Føresette må senda dokumentasjon om dette til kommunen – t.d. gjennom skjemaet «Avtale om delt bustad» – før kommunen kan tinga skuleskyss. Det må vere avtalt kvar barnet bur slik at det er mogleg å planlegge ein skyss, eksempelvis anna kvar veke eller to veker av gangen hjå kvar av foreldra.

VEDLEGG TIL KOMMUNALT SKYSSREGLEMENT FOR LUSTER

Følgjande vegstrekninger i Luster kommune er framlegg fell inn under kategorien **særleg farlig eller vanskeleg skuleveg:**

Skule	1.–4. trinn	5.–7. trinn	8.–10. trinn
Gaupne skule			
Luster ungdomsskule			Marifjøra – Gaupne
Hafslo barne- og ungdomsskule *	Moane – Hafslo		
Solvorn oppvekstsenter			
Indre Hafslo oppvekstsenter	Marifjøra – Indre Hafslo oppv. Sviggaplassane – Indre Hafslo oppv. Joranger – Indre Hafslo oppv.	Marifjøra – Indre Hafslo oppv. Sviggaplassane – Indre Hafslo oppv. ** Joranger – Indre Hafslo oppv	
Luster oppvekstsenter	Haldeplassen Flahamar til og med Luster sparebank – Luster oppv.	Haldeplassen Flahamar til og med Smia – Luster oppv.	
Skjolden oppvekstsenter			
Jostedal oppvekstsenter	Bukti – Jostedal oppvekstsenter		
Veitastrond skule			

**For skuleåret 2015-2016 har elevar på Hestenes, også 12 elevar som ikkje innfrir avstandskravet, hatt fri skuleskyss. Dette er ikkje vidareført i framlegget.*

*** Per 08.02.16 har Fylkesmannen til handsaming ei klagesak gjeldande skuleskyss på denne strekninga. Saka vil vera avgjort frå Fylkesmannen innan høyringsfristen.*